



Dato: 11.01.2016
Saksnr.: 2015/2439
Løpenr.: 649/2016
Arkiv: U40
Sakshandsamar: MØL/KNM

HØYRING AV FORSLAG TIL INNRETNING AV HAVBRUKSFONDET

Saksnr	Utval	Møtedato
19/16	Teknisk utval	28.01.2016
9/16	Formannskapet	09.02.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Formannskapet i Tysvær kommune er positive til at kystkommunane no får ein større økonomisk fordel ved å ha oppdrettsnæring i sin kommune.
2. Formannskapet meiner at fordeling på bakgrunn av lokalitets-MTB i kommunen er ein fornuftig fordelingsnøkkel og at umiddelbar utbetaling vil vere det beste alternativet for kommunen.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Bjørn Bruaset
teknisk sjef

BEHANDLING I TEKNISK UTVAL - 28.01.2016

Teknisk utval sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

BEHANDLING I FORMANNSKAPET - 09.02.2016

Formannskapet vedtek samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak (8 representantar).

VEDTAK I FORMANNSKAPET - 09.02.2016

1. Formannskapet i Tysvær kommune er positive til at kystkommunane no får ein større økonomisk fordel ved å ha oppdrettsnæring i sin kommune.
2. Formannskapet meiner at fordeling på bakgrunn av lokalitets-MTB i kommunen er ein fornuftig fordelingsnøkkel og at umiddelbar utbetaling vil vere det beste alternativet for kommunen.

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring skriv om fordeling av havbruksfondet. Gjennom stortingsmeldinga "Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett" (Meld. St. 16 2014-2015 Havbruksmeldinga) er det lagt opp til vekst i oppdrettsnæringa. Det er i meldinga føreslått endringar i dagens næring for å kunne sikre berekraftig vekst. For å stimulere kystkommunar til å stille areal til disposisjon for akvakultur er det føreslått at kommunar skal få 70% og at fylkeskommunar skal få 10 % av vederlaget ved tildeling av konsesjonar. Dei resterande 20 % skal tilfalle staten. Den kommunale delen skal fordelast gjennom eit "havbruksfond". Tilsendte skriv frå departementet gjer greie for ulike fordelingsnøklar, utbetalingsmetodar og administrering av fondet.

For å drive oppdrett må eit selskap ha konsesjonar for produksjon. I tillegg må oppdrettslokalitetar vere klarert for bruk av desse konsesjonane, kalla lokalitets-konsesjon eller lokalitets-MTB (Maksimal Tillat Biomasse). Ein konsesjon tilsvarar i våre områder 780 tonn MTB. Gjennomsnittleg storleik på lokalitetar i Noreg er på 3 218 tonn MTB, men det er store variasjonar. Storleiken på havbruksfondet vil vere avhengig av kor mykje produksjonskapasitet som blir tildelt, noko som igjen vil vere avhengig av lakselus-situasjonen slik systemet er omtalt i havbruksmeldinga. Vidare vil storleiken på fondet vere avhengig av kva pris ein oppnår ved tildeling. Det er lagt til opp at det er nye tildelingar annakvart år og midlane skal vere frie midlar som kommunane står fritt til å disponera.

Havbruksfondet vil berre gjelde for nye konsesjonar eller endring i eksisterande konsesjonar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjø. Det vil seie det ikkje gjeld oppdrett av andre artar, oppdrett på land eller oppdrett som er FOU eller undervisningsbasert.

2. Alternative metodar for fordeling av fondsmidlar mellom kommunane

Det er skissert ulike metodar for å fordele fondsmidlane mellom kommunane:

Lik fordeling mellom alle kommunar som har produksjon: Dette alternativet vil gi kommunar som har lite oppdrett like mykje som kommunar som har mykje oppdrett, og vil ikkje stimulera til meir produksjon. I eit år kor inntekta som skal fordelast mellom kommunane er på 1 milliard vil det gi 6,25 millionar til kvar kommune.

Etter prosentvis lokalitets- MTB av total MTB: Ved dette alternativet vil kommunane få utbetalt etter kor stor del av den totale nasjonale MTB som er lokalisert i kommunen. Dette er ei forholdsvis enkel fordeling og vil stimulera til auka produksjon i kommunen. Ei ulempe er at metoden ikkje tar omsyn til brakklegging (opp mot 50 % av alle anlegg er til ei kva tid brakklagt), kor det er stor forskjell i kor ofte og kor lenge anlegga ligg brakk. Kommunane blir dermed ikkje tildelt etter faktisk produksjon eller dei miljømessige ulempene ein har ved produksjonen. Departementet har laga eit vedlegg som viser kva inntekter kommunane kan få ved ein slik fordelingsnøkkel, basert på at det er ei inntekt som skal fordelast mellom kommunane på 500 millionar, 1 milliard og 2 milliardar kroner i fondet. Det er tilfeldige tall som er brukt. For Tysvær kommune vil dette bety ei inntekt på hhv ca 3 160 000, 6 310 000 og 12 630 000 kroner i tildelingsåret, slik MTB-status i kommunen er i dag. Som nemnd er det berre tildeling annakvart år.

Dersom ein nyttar alternativet med tildeling etter lokalitets-MTB i kommunen spør departementet om dette vil stimulera nok til at nye areal blir lagt ut. Dersom fleire kommunar aukar lokalitets-MTB i sin kommune vil kanskje kommunens del i fondet ikkje endre seg vesentleg, sjølv om det er klarert ny lokalitets-MTB i kommunen. Ein føreslått modell er då å avsette ein del av fondet til dei kommunane som har hatt utviding av eksisterande og/eller oppretting av nye lokalitetar. Det er ingen direkte samanheng mellom kor mykje konsesjons-MTB som blir tildelt og kor mykje lokalitets-MTB som blir klarert. Dette kan slå skeivt ut dersom det eit år for eksempel er få nye lokalitetar som blir klarert, samstundes som det blir tildelt ei stor mengde konsesjons-MTB (stor inntekt i fondet). Andre alternativ er å la nye lokalitetar telle dobbelt, eller la ein del av fondet fordelast likt mellom vertskommunane som har hatt auke i produksjon.

Fysisk arealbeslag: Ved dette alternativet vil kommunane få utdelt midlar frå fondet etter det fysiske arealbeslaget oppdrettsnæringa har i kommunen. Departementet reknar dette vil omtrent ha dei same effektane som fordeling etter lokalitets-MTB, men vil vere noko meir krevjande fordela.

Slaktevolum: Eit anna alternativ er at ein får tildelt midlar frå fondet etter slaktevolum. Ved dette alternativet vil dei kommunane med mest effektiv produksjon få størst del. Inntekta vil variera etter kva år det blir føretatt slakting på anlegget. Samanhengen mellom klarering av ny lokalitet og inntekter frå fondet vil med denne metoden bli svekka, då nye lokalitetar ikkje automatisk medfører auka slaktevolum, i alle fall ikkje umiddelbart.

Regionråd som fordel midlane mellom kommunane: Eit alternativ til at det blir fastsatt ei fordeling av departementet, er at ein del av fondet blir tildelt for eksempel eit regionråd som vidare fordel midlane mellom «sine» kommunar.

3. Alternativ for utbetaling av fondsmidlar

Når det gjeld utbetaling av midlane er det er skissert tre alternativ:

Umiddelbar utbetaling: Ved denne løysninga vil kommunane få sin del av fondet utbetalt med ein gong vederlagsavgiftene er betalt. Det vil seie at år nr to vil det ikkje kome nokon midlar, då det berre blir tildelt konsesjonar annakvart år. Utbetalingane vil variera, alt etter kor mange nye konsesjonar som blir gitt og kor mange lokalitets-MTB som til ei kvar tid er i kommunen. Dette alternativet er enkelt å administrera.

Fast utbetaling: Modellen går ut på at det blir bestemt eit fast beløp som årleg blir utbetalt frå fondet til fordeling mellom kommunane. Dette alternativet vil gi forutsigbarheit for kommunane, men det kan vere vanskeleg å administrere ordninga, då ein ikkje veit kor stort fondet kjem til å vere frå år til år (annakvart år). I realiteten vil kommunane kunne tape pengar på denne løysninga, då midlar vil bli halde tilbake i fondet.

Prosentvis utbetaling: Metoden går ut på at det blir fastsatt ein viss prosentdel av fondet som skal utbetalast. Dette gir litt mindre forutsigbarheit enn ved fast utbetaling, men gir mindre varierende inntekter enn forslaget om umiddelbar utbetaling. Denne løysninga inneber også at midlar blir haldne tilbake i fondet. Det er då diskutert om desse skal forvaltas som fond eller settast på bankkonti. I tabellen nedanfor er dei forskjellige metodane for utbetaling samanstillt.

4. Rådmannen sine merknader og tilråding

Rådmannen meiner det er positivt at det no blir lagt opp til at kystkommunar som har lokalitetar for oppdrett skal få meir igjen for dette ved at deler av vederlagsavgifta for konsesjonar blir tildelt kommunane. I skrivet frå departementet går det fram at det er total lokalitets-MTB på 19 200 tonn i Tysvær kommune. Dette tilsvarar 0,63 % av total lokalitets-MTB nasjonalt.

Rådmannen vurderer forslaget om fordeling etter lokalitets-MTB i kommunane som ei fornuftig måte å fordele fondet på. Då vil ein leggje opp til at det i utgangspunktet vil vere moglegheiter for auka inntekt for kommunane om dei legg ut nye areal til oppdrettsnæringa, samstundes som ein får ei økonomisk gevinst for eksisterande produksjon i kommunen. Alternativet gir også ei viss forutsigbarheit på utbetalinga, sjølv om storleiken på fondet kan variere mykje.

I forhold til utbetalingsmetode så står det i oversendte skriv at det er komen innspel frå kommunar om at det er ynskjeleg med faste overføringar frå fondet for at kommunane skal kunne føre inntekta på driftsrekneskapet. Kommunerekneskapen er delt inn i dei to løyvingsrekneskapa driftsrekneskap og investeringsrekneskap. Inntekter i driftsrekneskapen kan brukast både til drift og investeringar, men inntekter i investeringsrekneskapen kan berre brukast til finansiering av investeringar. Det er kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr. 4 – avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen som er regelverkkjelda når det gjeld sortering mellom dei to løyvingsrekneskapa. KRS nr. 4 slår mellom anna fast at alle ikkje laupande inntekter/innbetalingar skal rekneskapsførast i investeringsrekneskapen dersom inntekta/utbetalinga er uvanleg, ujamn og vesentleg. I desse tre kriteria ligg følgjande:

Uvanleg:	Inntekta eller innbetalinga har ikkje samanheng med kommunen sin normale aktivitet.
Ujamn:	Kommunen har ikkje innverknad på om og når inntekta eller innbetalinga kan forventas å kome og den ikkje er årleg og den ikkje kjem med jamne mellomrom.
Vesentleg:	Inntekta eller innbetalinga kan sjåast som vesentleg i høve til kommunens verksemd eller at inntekta/innbetalinga har stor prinsipiell innverknad for kommunen.

Då alternativet umiddelbar utbetaling gir ein ujamn inntekt straum, vil inntekter frå ein slik modell etter rådmannens vurdering bli rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Høyringsnotatet utsendt frå Nærings –og fiskeridepartementet er noko uklart med omsyn til om umiddelbar utbetaling kan inntektsførast i driftsrekneskapen. Nærings –og fiskeridepartementet presiserer i høyringsnotatet at midlane frå havbruksfondet er frie midlar som kommunane kan disponere slik dei ønskjer, men samstundes viser dei også til at inntektsføring i driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen må vurderast ut frå dei generelle rekneskapsreglane for kommunesektoren. Alternativa fast utbetaling og prosentvis utbetaling vil etter rådmannen si oppfatning begge kunne inntektsførast i driftsrekneskapen.

På grunn av at havbruksfondet sin økonomi vil vere ein del av statsbudsjettet, vil det ikkje bli berekna renter mellom tidspunkta kor midlane inntektsførast og utgiftsførast over statsbudsjettet. Jo lengre tid det går frå innbetaling av konsesjonsavgifter til utbetaling overfor kommunane frå havbruksfondet, desto større blir rentetapet for kommunane. Sidan umiddelbar utbetaling er det einaste av alternativa skissert frå nærings –og fiskeridepartementet som medfører at midlar ikkje blir haldt tilbake i havbruksfondet, er dette det alternativet som vil gje høgast inntekter for kommunane. Av dei skisserte utbetalingsalternativa framstår difor alternativet umiddelbar utbetaling som den beste løysninga for Tysvær sin del. Tysvær kommune har ein god kommuneøkonomi, og har over fleire år levert positive netto driftsresultat. Så sjølv om alternativet umiddelbar utbetaling medfører at kommunen ikkje kan inntektsføre utbetalingane frå havbruksfondet i driftsrekneskapen, vil ikkje dette bety så mykje for Tysvær kommune ut frå eit økonomisk perspektiv.

Vedlegg:

Høring av forslag til innretning av havbruksfondet